SANDE KOMMUNE
Teknisk og landbruk

K Voldnes As
Leikong 9
6080 Gurskøy

Vår referanse	Dykkar referanse	Sakshandsamar	Dato
25/887 25/5753		Karina Halle Turan	20.10.2025

Sakstype	Saksnr.	Utvalg
DS	140/25	Næring, teknisk og miljøutvalet

Type tiltak/ bygning				
Terrenginngrep/ Opparbeiding av parkeringsplass				
Byggestad	**Gardsnr.**	**Bruksnr.**	**Festenr.**	**Seksjonsnr.**
Gurskedalen 239	89	9		
Ansvarleg søkar	**Tiltakshavar**			
K VOLDNES AS Leikong 9 6080 GURSKØY	K Voldnes As Leikong 9 6080 GURSKØY			

Igangsettingsløyve

Delegert vedtak:

A. Teknisk sektor gjev igangsettingsløyve for opparbeiding av parkeringsplass. Søknaden vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 21-4.

B. Følgande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
   1. Erklæring om ansvarsrett, datert 18.09.2025
   2. Gjennomføringsplan, datert 18.09.2025
   3. Plan og snitt teikningar, daterte 18.09.2025.
   4. Teknisk plan/Utomhusplan, datert 18.09.2025

C. K Voldnes AsDet vert sett følgande vilkår i saka, og pkt 1 må vere ordna før arbeidet kan starte:
   1. Gravemelding må vere gjeve, dersom det skal nyttast gravemaskin.
   2. Gebyr for sakshandsaming må betalast innan forfall.

D. Er ikkje arbeidet sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

E. Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. pbl § 21-10. I lag med søknaden skal det vedleggast:

    1. Revidert, datert og signert gjennomføringsplan.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen

Om søknaden og tiltaket
Det ligg føre søknad etter pbl §§ 20-3 og 21-2, datert 18.09.2025 og innregistrert 18.09.2025 hos kommunen, om løyve til igangsetting av opparbeiding av parkeringsplass.
Saka var komplett for handsaming den 10.10.2025.

Ansvar og kontrollomfang (pbl § 23-1 og SAK10 kap. 9, 12 og 14)
Følgande føretak har erklært ansvarsrett i samband med denne saka:

Foretak og organisasjonsnr.	Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskriving av ansvarsområdet (arbeid)	Tiltaks-klasse
K VOLDNES AS K Voldnes AS 922250553	SØK, PRO, UTF	Heile tiltaket	1

Gjennomføringsplan (SAK § 5-3)
Gjennomføringsplan, datert 18.09.2025, frå ansvarleg søkjar, er innlevert. Søknaden er vedlagt to gjennomføringsplanar med ulik informasjon. Vi gjer dykk merksam på at vi legg til grunn sist datert plan. Vi ber om at vidare innsending av dokumentasjon er eintydig.

Avfallsplan (pbl § 21-10 og TEK17 §§ 9-6, 9-7 og 9-9)

Det vert ikkje krav om utarbeiding av avfallsplan

Sakshandsamingsgebyr [1)]

Igangsettingsløyve	kr	10 310
Sum sakshandsamingsgebyr	kr	10 310

[1)] Faktura vert ettersendt

Klagerett
Vedtaket kan påklagast. Fristen for å klage er tre veker etter de har mottatt dette vedtaket. Sjå meir informasjon på kommunen sine heimesider: Lenke til side om klagerett

Med helsing

Kjell Martin Vikene
kommunalsjef

Karina Halle Turan
konsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar
K Voldnes As Leikong 9 6080 Gurskøy